



BAKGRUNN OG STATUS, APRIL 2010

INNLEIING

Prosjektet "KOMPETANSESENTER FOR SMÅKRAFT" vart offisielt starta opp 1. Mars 2009, basert på ein forventa prosjektperiode på tre år. Idèane og visjonane bak prosjektet hadde då vore levande i mange år lokalt.

Arbeidet med småkraftsatsinga i Samnanger fekk etter kvart status som arvtakar etter Fylkesmannen i Hordaland sitt treårige prosjekt om småkraft (avslutta medio 2009). Føremålet har soleis vore å vidareutvikla Fylkesmannen sitt prosjekt på ein slikt måte at kompetansesenteret vert eit naturleg anerkjend senter for kompetanseutveksling og nyskaping relatert til småkraft og småskala klimaløysingar.

Samnanger sine naturgjevne ressursar – dråpane i kommunevåpenet og meir enn 100 års krafterfaring, er det konkrete utgangspunktet for at kommunen i si tid valte å satsa på etablering av eit Kompetansesenter for småkraft.

I dag har prosjektet fått etablert ei velfungerande styringsgruppe der representantar frå Fylkesmannen i Hordaland, Fylkeskommunen, Høgskolen i Bergen, BKK, Hardangerrådet, Sparebanken Vest og Samnanger kommune deltek.

Underliggende prosjektgrupper er etablert for satsingsområda "Småkraft", "Livslang Læring" og "Internasjonalisering". Aktivitetar er likeeins satt i gang på alle tre satsingsområde.

- ✓ Referanseanlegg er kartlagt i Samnanger, Os og Fusa. Ytterlegare kartlegging er iverksett i Hardangerregionen.
- ✓ I samarbeid med læringsanstaltar og BKK har ein sett i gang konkrete aktivitetar for å innarbeida tema kring småkraft, klima og miljø i aktuelle fagplanar på dei ulike læringstrinn.
- ✓ Samarbeid er initiert til ei rekkje sentrale aktørar (Fylkesmannen i Hordaland, Bondelaget, Høgskolen i Bergen, BRB, etc). Samarbeida vil verta ytterlegare formalisert i løpet av våren 2010.
- ✓ Kompetansesenteret har saman med Business Region Bergen og Bergen kommune satt heile regionen si klimasatsing på verdskartet under COP15 i København.
- ✓ Det internasjonale nettverket byrjar ta form etter kontakt med relevante institusjonar i Noreg, Danmark og EU (ICH, Enova, Bass, ESHA, KS Brussel, Vest-Norges Brusselkontor, etc).
- ✓ Prosjektet har utvikla eige heimeside (på norsk og engelsk) www.kraftsenteret.no og har fått positiv mediedekning, så vel i lokale aviser og andre stadar.

Gjennomførte aktivitetar i regi av kompetansesenteret inneberer at me no er klare til å løfta visjon og prosjektidè opp til å handla om ei nasjonal satsing med internasjonal kontaktflate.

VISJON, MÅL OG AKTIVITETAR

Visjon:

Me skal vera eit internasjonalt annerkjend kompetansesenter for småskala energi- og klimaløysingar.

Framover skal det fokuserast på tre delområde;

- A SMÅKRAFT OG NÆRING
- B LIVSLANG LÆRING
- C INTERNASJONALISERING

A: SMÅKRAFT OG NÆRING

Miljøforsvarleg småkraftutbygging gjev grobunn for lokal verdiskaping basert på bygda sine eigne naturgjevne ressursar. Småkraftutbygging i fallrettseigar sin eigen regi, gjev dessutan motivasjon til å oppretthalda busetjing og gardsdrift i bygdene våre. Kompetansesenteret vil difor bidra til at ytterlegare miljøforsvarleg småkraftutbygging vert realisert. Dessutan ynskjer kompetansesenteret å bidra i arbeidet med å få eit auka bruk av fornybare energikjelder gjennom ei bevisst satsing på ytterlegare innovative småskala klimaløysingar. Dette gjennom tre spesifikke delmål:

- ✓ Kompetansesenteret skal ha organisert eit representativt utval av småkraftverk i Vestlandsregionen. Desse skal nyttast som visnings- og læringsanlegg for framtidige "kundar"
- ✓ Kompetansesenteret skal bidra med relevant kompetanse til småkraft utbyggjarar.
- ✓ Kompetansesenteret skal bidra til at innovative småskala klimaløysingar vert realisert

B: LIVSLANG LÆRING (LLL)

Kompetansesenteret skal bidra til at naturvitskaplege fagretningar i skuleverket vert styrka gjennom konkret og praktisk arbeid "ute i felten". Vidare skal kompetansesenteret medverka til kompetanseutveksling og nyskaping mellom lokale, regionale, nasjonale og internasjonale aktørar innan læring, innovasjon og kunstuttrykk, alt knytt til vasskraft, vassbruk, klima og miljø.

Måla skal nåast gjennom ei systematisk "vugge-til-grav" satsing, og vil omfatta initiativ og tiltak retta mot alle, frå barnehagealder til høgskule- og universitetsstudentar. Alle mål og aktivitetar skal ta utgangspunkt i erfaringar me allereie har gjennom den kommunale satsinga "VATN OG KREATIVE KREFTER" og forankrast i gjeldande læreplanar. Ei vellykka gjennomføring i Samnanger skal seinare introduserast nasjonalt.

C: INTERNASJONALISERING

Kompetansesenteret skal vera inngangsporten til framsyning av konkrete småskala kraftverk på Vestlandet til internasjonalt besøkande. Kompetansesenteret skal likeeins vera ein profesjonell, kreativ og ansvarleg pådrivar i arbeidet med å skapa internasjonale nettverk og prosjekt (EU) som bidreg til at ytterlegare småskala klimaløysingar vert realisert i inn- og utland.

BUDSJETT OG ØKONOMI

Prosjektet har eit årleg budsjett på om lag 2 millioner kroner.

Prosjektet vert i dag finansiert av Hordaland fylkeskommune, Sparebanken Vest, BKK, Samnanger kommune samt andre kraftlag og kommunar i regionen. Det vert prosjektleiar sitt ansvar å skaffa framtidig finansiering, samt å vidareutvikla dei kommersielle sidene av prosjektet.

GUUT/190310